

Domarskjema i vokal folkemusikk

Namn :

Lag:

Adresse:

Klasse :

Poststad

Det er dei folkemusikalske stiltrekka som skal vere utgangspunktet for døminga. Teknisk dugleik og musikalsk innhald i framføringa skal vurderast i forhold til ideala i folkesongen.

Songnamn	Teknisk dugleik	Musikalsk innhald	Sum
TOTALSUM:			

Ein kan gje inntil 12 poeng i kvar rubrikk, maksimalt 48 poeng per domar (maks. utteljing er 144 poeng).

114 poeng, min. 38 poeng per domar, er grensa for opprykk til klasse A.

Resultatliste blir sett opp i rangert rekkefylgje med plassiffer og poengsummar.

Heilskapsinntrykk:

.....

.....

.....

Teknisk dugleik:

Meistrar utøvaren det han/ho ønskjer å få til?

Reinleik og tonalitet
Toneansats
Klang
Stø/ustø tone
Pust
Ornamentikk
Anstrengt/ uanstrengt
Talenær song
Rytme
Tekstuttale

Musikalsk innhald:

Meistrar utøvaren å gje framføringa liv og uttrykk?

Variasjon i uttrykk og songval
Mogningsnivå i uttrykk
Kommunikasjon/formidling
Samanheng tekstinnhald/språklyd/melodiføring
Flyt, framdrift, frasering
Musikalitet
Truverd

Domarskjema i vokal folkemusikk

Mål

Skjemaet skal hjelpe domarane individuelt og som kollegium til å ha ein felles, fagleg plattform i vurderinga av framføringane. Det skal vera gjennomgått og klargjort i domarmøtet før tevlinga.

Rettleiing

Det er dei folkemusikalske stiltrekka som skal vere utgangspunktet for døminga. Teknisk dugleik og musikalsk innhald i framføringa skal vurderast i forhold til ideala i folkesongen.

Gjennom døminga skal domarane stimulere til bruk av tradisjonelle stiltrekk, og til at ein unngår stiltrekk som er framande for folkesongen.

Domarane skal vurdere om utøvaren meistrar både dei tekniske utfordringane i kvedinga og det å gje songen eit truverdig uttrykk og innhald.

Teknisk dugleik handlar om å meistre instrumentet sitt, altså stemma, t.d. å halde stø tone, treffe rett tonehøgde, ha tilstrekkeleg med pust og utføre toneansats, ornamentikk og andre detaljar på ein overbevisande måte. Det handlar også om å bruke språklydane klangleg og rytmisk (tydelege vokalar som i tale, synge på lydande konsonantar).

Musikalsk innhald dreiar seg om å gje framføringa liv og uttrykk, som høver til det ein syng. Ved hjelp av element som variasjon, frasering, tekstformidling og stemmebruk skal utøvaren skape eit uttrykk som når fram til tilhøraren. Teksten kan utnyttast for å skape framdrift og spenst. Tradisjonelt er nyansane gjerne på mikroplanet, det er ikkje dei store verkemidla som blir nytta.

Ein god kvedar har god stemmekontroll og eit moge, truverdig uttrykk i samsvar med tradisjonen. Dei ulike elementa vil då framstå i eit heilskapleg uttrykk. Domarane skal vurdere i kva grad deltakaren viser ein slik heilskap i den aktuelle framføringa.